

## **Prosjekt : Ta vare på matjorda - jordmassar frå problem til ressurs – del 2**

- **Samarbeid mellom kommunane Lindås, Austrheim og Meland og Nordhordland Utviklingsselskap IKS**

### **Målsetting:**

Korleis nytt massar frå utbygging som ressurs til nytte for landbruk og samfunn på ein måte som førebygg konflikter med innbyggjarar og miljøet.

### **Delmål:**

Forlenga prosjektperioden med 1 år for å formidla erfaringane som er komen fram i prosjektet ut til heile fylket, og auka kompetanse hjå forvaltninga, grunneigarar, utbyggarar og entreprenørar om gode tverrfaglege løysingar og forvaltningspraksis.

### **Prosjekt beskrivelse**

Arbeidsgruppa i prosjektet ynskjer å forlenga prosjektperioden med 1 år (frå juni 2016) for å arbeide meir med kunnskapsauking blant aktørane. I løpet av prosjektperioden som har vore (frå juni 2015), har ein nådd fleire av måla som ein satt ut for å gjere og dei siste måla vert nådd i løpet av våren 2016. For å sikre at all den kunnskapen som har vore samla i første fase av prosjektet vert forankra og tatt i bruk, er det viktig å fortsette arbeidet. Å skape ein god forvaltningspraksis tek tid. Det krev både langsiktig arealplanlegging og kunnskap om korleis leggje opp massane for at jorda skal bli god og verdfull for jordbruket. Dette ynskjer arbeidsgruppa å gjera ved å sette fokus på følgjande punkt:

- Gjennom kompetanseauking og dialog, som temakvelder og seminar/workshop, bidra til at kommunane sett ut i praksis tverrfaglege løysingar som gir god forvaltningspraksis.
- Felles forståing mellom utbyggarar, planleggarar, entreprenørar, bønder og grunneigarar om at god massehandtering gir moglegheiter og kva verktøy ein har. Gjennom auka kompetansen i alle ledd, gjennom blant anna kurs i heile Hordaland, vil det bidra til at aktørane gjer rette og kloke val.
- Vær i forkant - varig plassering med kortast mogleg transport – verktøy i planlegginga.
  - Praktisk utføring - Korleis planlegge for å redusere miljømessige utfordringar og risiko for ureining.
  - Hausta fleire erfaringar frå ulike fagområde og aktørar i å finne beste praksis for handsaming av overskotsmassar.
  - Jobbe for at krav til massehandsaming vert tatt inn i oppstartspakke for reguleringsplanar

Søknad om skjønnsmidlar 2016 pkt. 6

- Kontakt med FOU miljø – for å sjå på miljø- og klimaeffektar over tid for der nytt jordbruksareal vert opparbeidd.
- Justera rettleiaren i høve til ny kunnskap og erfaringar som kjem fram i prosessen, høyring, forankring, oppdateringar o.l. Arbeide for at rettleiaren vert godt forankra og brukt i praksis.
- Kontakt med del 1 av satsinga om jordmassehandtering: prosjekt om handbok i flytting av jord i regi av Norsk Landbruksrådgiving – for erfaringsutveksling og å støtte opp om felles mål om kompetanseheving.

**Tiltak:**

- Utarbeide informasjonsmateriell basert på erfaringane så langt
- Kurs
- Temakveldar
- Seminar/workshop

for private aktørar, grunneigar, kommunar, regionale styresmakter i Hordaland

**Budsjett:**

<b>Budsjett for vidareføring av prosjekt " ta vare på matjorda"</b>	
<b>Kostnader:</b>	<b>Kroner</b>
Prosjektleiing	200 000
Arbeid / timar i ulike kommunar, styringsgruppe, referansegruppe, arbeidsgruppe	150 000
Kjøp av tjenester (layout, redigering m.v.)	50 000
Møter / reiser	50 000
Kurs og seminar ut i ulike kommunar i Hordaland/ informasjonstiltak	100 000
Administrasjon, diverse trykking m.v.	50 000
<b>Totale kostnader:</b>	<b>600 000</b>
<b>Inntekter:</b>	
Fylkesmannen, skjønsmidlar	300 000
Klimaplan Hordaland	100 000
Eigeninnsats Nordhordland Utviklingselskap IKS (prosjektleiari, administrasjon og dagleg leiar)	50 000
Eigen finansiering kommunar (arbeid i kommunane, i prosjekt- og styringsgruppe)	150 000
<b>Totale inntekter:</b>	<b>600 000</b>

Søknad om skjønnsmidlar 2016 pkt. 6

**Organisering:**

<b>Prosjekteigar:</b>	Nordhordland Utviklingsselskap IKS (Regionrådet i Nordhordland )
<b>Styringsgruppe:</b>	Rådmannsgruppa i Nordhordland
<b>Prosjektleder:</b>	Tonje Husum Aarland (Nordhordland Utviklingsselskap IKS)
<b>Referansegruppe:</b>	Astrid Holte (Fylkesmannen i Hordaland) Egil Hauge (Fylkesmannen i Hordaland) Snorre Waage (Hordaland Fylkeskommune) Trygve Torsteinsen (Landbruksrådgivinga) Thomas Lindås (Austrheim kommune) Magnar Askeland (Bonde) Vidar Raugstad (Regional entreprenør) Arnold Matre (Lindås kommune)
<b>Arbeidsgruppe:</b>	Asbjørn Toft (Austrheim kommune) Kjartan Nyhammer (Lindås kommune) Laila Bjørge (Meland kommune) Marius Flemmen Knudsen (Meland kommune)

På vegne av arbeidsgruppa,

Laila Bjørge

Marius Flemmen Knudsen

Frekhaug 04.03.2016